

Arkivnr: 2014/560-97  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

## Utkast til svar til Odrun Misje angående nasjonalt medverknadsorgan

### Samandrag

UngMedbestemmelse i Oslo har vore i kontakt me dUngdommens fylkesutval angående eit utkast til eit brev frå alle fylka angående oppretting av eit nasjonalt medverknadsorgan for unge. Ungdommens fylkesutval har allereie uttala seg i saka, men i ettertid har ein mail vert sendt ut frå UngMedbestemmelse i Oslo med blant anna slikt innhald:

*«Jeg vil kort understreke at jeg tror det har stor betydning å beholde litt runde formuleringer i dette første brevet, der vi fokuserer på kjerneprinsippene. Jeg tror det kan være lurt å holde døren åpen for at ungdommer også utenfor UFT kan tenkes representert på et Ungdommens Storting, fordi det vil gjøre det mulig å samarbeide med organisasjoner som Redd Barna og LNU om opprettelse av et representativt organ for ungdom. Å ha med en bred allianse styrker mulighet for gjennomslag. Deretter kan man jobbe med en prosess mer konkret, der vi f.eks. kan komme med høringsinnspill på hvordan konkret vi vil et UST skal se ut. Derfor håper jeg at forslag dere er uenige i kan gjøres til rundere formuleringer, fremfor snevrere?»*

Leiar for Eigen organisasjon, Cecilie Fredheim, har derfor forfatta eit slikt svar:

*«Ungdommens fylkesutval i Hordaland er no i gang igjen etter sommaren, og me ser fram til å arbeide vidare med oppretting av eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Å lage ei gruppe på facebook og diskutere der høyrer ut som ein god plan!*

*I svaret vårt på utkastet understreka me at UFU vil ha eit medverknadsorgan som byggjer på ungdomsrådskanalen, dette på grunn av at det er den meininga me har som utgangspunkt i vårt handlingsprogram. Etter ein kort diskusjon har me konkludert med at eit medverknadsorgan for ungdom som er open for fleire grupper ungdom enn dei som engasjerer seg i ungdomsråd vil føre til at Ungdommens Storting vert meir representativt og dermed får meir innflytelse. For oss vert innflytelse viktigare enn ynskje om at medverknadsorganet skal byggje på ungdomsrådskanalen, derfor kan ein sjå vekk frå den delen av innspelet vårt til utkastet som omhandlar nettopp dette.*

*Me står ved innspelet vårt om å utvide aldersgrensa, samt at Ungdommens Storting bør velje eit arbeidsorgan.»*

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende eit slikt svar til UngMedbestemmelse i Oslo:

Ungdommens fylkesutval i Hordaland er no i gang igjen etter sommaren, og me ser fram til å arbeide vidare med oppretting av eit nasjonalt medverknadsorgan for ungdom. Å lage ei gruppe på facebook og diskutere der høyrer ut som ein god plan!

I svaret vårt på utkastet understreka me at UFU vil ha eit medverknadsorgan som byggjer på ungdomsrådskanalen, dette på grunn av at det er den meininga me har som utgangspunkt i vårt handlingsprogram. Etter ein kort diskusjon har me konkludert med at eit medverknadsorgan for ungdom som er open for fleire grupper ungdom enn dei som engasjerer seg i ungdomsråd vil føre til at Ungdommens Storting vert meir representativt og dermed får meir innflytelse. For oss vert innflytelse viktigare enn ynskje om at medverknadsorganet skal byggje på ungdomsrådskanalen, derfor kan ein sjå vekk frå den delen av innspelet vårt til utkastet som omhandlar nettopp dette.

Me står ved innspelet vårt om å utvide aldersgrensa, samt at Ungdommens Storting bør velje eit arbeidsorgan.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*